

SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

Til
Styret i Volda og Ørsta reinhaldsverk IKS

ENGASJEMENTSBREV - Volda og Ørsta reinhaldsverk IKS

Innleiing:

Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS er valgt revisor for Volda og Ørsta reinhaldsverk IKS. Revisjonen består av rekneskapsrevisjon og anna kontroll som er bestemt i lov.

Med bakgrunn i føresegn for revisjon som gjeld for kommunar og fylkeskommunar, herunder standardar for god revisjonsskikk, vil vi beskrive vår forståing av revisjonsopdraget, slik at styret får ei oppfatning av rollefordelinga og kva som kan forventast av oss.

Revisjonen – formål og innhald

Revisor skal utføre rekneskapsrevisjon jfr kommunelova § 24-2. Revisjon av kommunal verksemd skal skje iht god kommunal revisjonsskikk.

Vi vil gjennomføre og rapportere resultatata av vår revisjon i samsvar med god kommunal revisjonsskikk, som er ein rettsleg standard. Innhaldet i dette omgrepet er normert av kommunelova sine føresegner om revisjon, tilhøyrande forskrifter og etablerte og anerkjente standardar på området. Som medlem av Norges kommunerevisorforbund (NKRF) er vi underlagt jamnleg ekstern kvalitetskontroll.

Revisor har plikt til laupande å foreta vurdering av eiga uavhengigheit.

Leiinga sitt ansvar

I hht lov om interkommunale selskap er det styret som er ansvarleg for at virksomheita vert dreven i samsvar med selskapet sitt formål, selskapsavtalen, selskapet sitt årsbudsjett og andre vedtak og retningslinjer fastsett av representantskapen, og skal sørge for at bokføringa og økonomiforvaltning er ordna på betryggande måte og er gjenstand for betryggande kontroll. Dagleg leiar utøver den daglege leiinga av selskapet og skal fylgje dei retningslinjer og pålegg som styret har gitt.

Det er styret sitt ansvar å utarbeide og fremme selskapet si årsmelding og avlegge årsrekneskapen i samsvar med føresegner i IKS-lova, forskrift om årsbudsjett, årsrekneskap og årsmelding i interkommunale selskap og god rekneskapsskikk.

Styret og dagleg leiar har også ansvaret for at vi som revisor har ubegrensa tilgang til registrerte opplysningar, dokumentasjon og anna informasjon vi finn nødvendig for å kunne utføre vårt arbeid, herunder korrespondanse, kontraktar, protokollar mv. Dette inkluderer også tilgang til systembeskrivingar og nødvendig rettleiing.

SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

Representantskapen sitt ansvar

Representantskapen er selskapet si øverste myndigheit og handsamar selskapet sitt årsrekneskap, budsjett og økonomiplan og andre saker som etter lov eller selskapsavtale skal handsamast i representantskapen.

Regnskapsrevisjon

Årsrekneskapen og dei aktuelle delane av årsmeldinga

I reknskapsrevisjonen er hovudoppgåva å kontrollere om årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon og å gi ein uavhengig uttale (revisjonsmelding) om at revisor har betryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon og at det er avlagt i samsvar med lov og forskrifter. I tillegg kontrollerer vi om den revisjonspliktige si leing har oppfylt si plikt til å sørje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar.

Vi kontrollerer om årsmeldinga inneheld dei opplysningane som lov og forskrift krev, og om opplysningane om økonomi i årsmeldinga er i samsvar med årsrekneskapen.

Årsrekneskapen skal iht IKS-lova § 27 vere avlagt av dagleg leiar innan 22. februar året etter rekneskapsåret. Årsmeldinga skal avleggast seinast 31. mars.

Vidare er det vår oppgåve å sjå etter at selskapet har ordna den økonomiske internkontrollen på ein trygg måte og med forsvarleg kontroll.

Revisjonen si utføring og forholdet til intern kontroll

God kommunal revisjonsskikk inneber mellom anna at vi kontrollerer utvalde delar av materialet som underbygg informasjonen i årsrekneskapen, føreteik analytiske vurderingar og andre revisjonshandlingar som vi etter forholda finn hensiktsmessige.

På grunn av revisjonen sine ibuande avgrensingar, saman med den interne kontrollen sine ibuande avgrensingar, er det alltid risiko for at ikkje all vesentleg feilinformasjon i rekneskapen vert avdekka. Dette sjølv om revisjonen er planlagt og utført i samsvar med god kommunal revisjonsskikk, under dette dei internasjonale revisjonsstandardane (ISA-ane). Ved vår risikovurdering vurderer vi dei interne kontrollane som er relevant for selskapet si utarbeiding av årsrekneskapen med det formål å utforme revisjonshandlingar som er hensiktsmessige utifrå omstenda, men ikkje for å gi uttrykk for effektiviteten av selskapet sin interne kontroll.

Generelt vil ein effektiv intern kontroll redusere risikoen for at misleghald og feil vil oppstå utan å verte avdekka, men vil aldri kunne eliminere denne risikoen. Omfanget av vårt revisjonsarbeid vert påverka av kvaliteten på, og effektiviteten av selskapet sin interne kontroll, samt rekneskaps- og rapporteringsrutinar. Vi vil rapportere skriftleg om eventuelle vesentlege manglar i den interne kontrollen som vi har identifisert under revisjonen, sjå nærare om dette under avsnittet rapportering.

SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

Registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar

Når vi konkluderer om registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i revisjonsmeldinga, vil revisjonen vere utført i samsvar med den internasjonale standarden for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller begrensa revisjon av historisk finansiell informasjon». Dei valde kontrollhandlingane er avhengig av revisor sitt skjønn, i dette vurderingar av risikoane for vesentlege manglar.

Ved vurderinga av leiinga sine plikter mht. registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar innhentar revisor informasjon om selskapet sine interne rutinar for å vurdere om desse samsvarer med lov, forskrift og god bokføringsskikk, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin intern kontroll.

Misleghald

Revisor bidreg gjennom revisjonen til å førebyggja og avdekke misleghald og feil, jfr. kommunelova § 24-5. Viss revisor avdekker eller på anna måte vert kjent med misleghald, skal revisor orientere selskapet sitt styre.

Andre stadfestingar og kontrollhandlingar

Vår revisjon vil også kunne omfatte kontroll av tilskot som er gitt for å finansiere særskilte oppgåver (særattestasjonar), der det er krav eller ynskje om revisor sin attestasjon. Våre kontrollar vert utført i iht oppdragsgivar sine vilkår og aktuell standard for attestasjonsoppdrag.

Innsynsrett og taushetsplikt

Revisor kan krevje alle opplysningar, utgreiingar eller dokument hjå selskapet og foreta dei undersøkingar som revisor finn nødvendig for å gjennomføre oppgåvene.

Både oppdragsansvarleg revisor og revisormedarbeidarar har teieplikt etter forvaltningslova §§ 13 til 13e og 13g, jfr kommunelova § 24-2 femte lekk.

Teieplikt gjeld ubegrensa i tid, også etter at oppdraget eventuelt er avslutta. Teieplikta er likevel ikkje til hinder for at styret får informasjon om resultat av revisjonen som er nødvendige.

Rapportering og dialog

Engasjementsbrev for revisjonsoppdraget vert utarbeida dersom det er forhold som tilseier det. Slike forhold kan vere endringar i selskapet sitt styre, skifte av dagleg leiar, oppdragsansvarleg revisor eller andre vesentlege endringar i oppdraget.

SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

Nummerert brev

Vi kan gjennom rekneskapsrevisjon avdekke forhold som ikkje vert påpeika i revisjonsmeldinga, men som vi finn nødvendig å påpeike i nummerert brev. Nummererte brev vert sendt til styret med kopi til dagleg leiar. Styret har eit ansvar for å sjå til at forhold som er påpeika av revisor vert fylgt opp.

Iht kommunelova § 24-7 skal revisor påpeike flg. forhold i nummererte brev:

- a. Vesentlege feil som kan føre til at årsrekneskapen ikkje gir korrekt informasjon
- b. Vesentlege manglar ved registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar
- c. Vesentlege manglar ved den økonomiske internkontrollen
- d. Manglande eller mangelfull utgreiing i årsmeldinga for vesentlege budsjettavvik
- e. Alle misleghald
- f. Kvifor revisor ikkje har skreve under på oppgåver som kommunen skal sende til offentlege myndigheiter og som revisor etter lov eller forskrift skal stadfeste
- g. Kvifor revisor seier frå seg revisjonsoppdraget.

Mindre vesentlege feil som vert avdekka vert teke opp munnleg og/eller skriftleg direkte med administrasjonen.

Uttale frå selskapet si leiing

I samband med årsavslutninga vil vi i samsvar med god kommunal revisjonsskikk innhente skriftleg uttale frå leiinga om fullstendigheita og riktigheita av dei opplysningar som er gitt i årsrekneskapen. På same måte er vi pålagt å innhente skriftlege uttalar frå leiinga om kjennskap til eller mistanke om misleghald mv. Desse uttalane vil verte innhenta frå administrasjonen.

Oppdragsansvarleg revisor

Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor er Halldis Moltu. Eventuelt skifte av oppdragsansvarleg revisor vert varsla skriftleg.

Personvern

For å gjennomføre revisjonen og andre oppdrag under dette engasjementsbrevet vil vi behandle personopplysningar slik det er beskrive i vår personvernerklæring. Vi er behandlingsansvarleg etter personvernreglane for dei personopplysningane vi behandlar i samband med oppdraget og vi inngår derfor ikkje databehandlaravtale.

Andre tenester

Vår organisasjon har medarbeidarar med betydeleg kompetanse og praksis innanfor mange fagområder. Dette gjer oss i stand til å yte kompetent rettleiing til dykk, og som medlem av NKRF (Norges kommunerevisorforbund) og DNR (Den norske revisorforening) kan vi også trekke på kompetansen i eit stort fagmiljø. Vi hjelper gjerne med rettleiing innanfor intern kontroll, meirverdiavgift, rekneskapsføring, budsjetter, lov og forskrifter mv så langt det let seg gjere innanfor vår oppgåve som revisor og innanfor krava til uavhengigheit.


SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS


Avslutning

Vi håper innhaldet i dette brevet er i samsvar med styret si forståing av revisor si rolle og ansvarsområder, og vi ser fram til eit godt og konstruktivt samarbeid. Viss noko er uklart eller styret har spørsmål er det berre å ta kontakt.

Vi ber om at de skriv under og returnerar stadfestinga nedanfor for å stadfeste at de samtykkjer i vilkåra for revisjon av rekneskapen, herunder våre respektive ansvarsområder.

Ulsteinvik 22.01.2024


Bodill Skeide
Rev.sjef/dagl.leiar


Halldis Moltu
Oppdragsansvarleg revisor/
Statsautorisert revisor

Kopi: Dagleg leiar


STADFESTING:

Underteikna stadfestar at ein har motteke ovannemde brev og samtykkjer i vilkåra på vegne av Volda og Ørsta reinhaldsverk IKS.

Dato

23/1-24

Signatur


Styreleiar